

# NMS' STRATEGI 2024 - 30

VEDTEKE AV NMS' GENERALFORSAMLING JUNI 2023

## MOTTO

La ditt rike komme!

## VISJON

Ei levande kyrkje over heile jorda!

## HOVUDMÅL

Saman vil vi:

- dele trua på Jesus
- kjempe mot urett
- utrydde fattigdom

## KVEN VI ER

NMS er ein norsk misjonsorganisasjon som jobbar for å bidra til ei levande kyrkje over heile jorda. Grunnlaget for NMS si drift skapast og utviklast gjennom arbeidet i Norge.

## PREMISS

Dokumentet: "Kjærleiken tek aldri slutt" vedteke av NMS Landsstyre september 2020, sak 58/20, er NMS' grunnlagsdokument om misjon.

NMS legg til grunn ei heilskapleg misjonsforståing der heile mennesket og skaparverket vert ivareteke.

NMS vil i relasjonar og prosjekt legge vekt på:

- Konfliktsensitivitet
- Kjønnsroller og likestilling
- Klima og berekraft
- "Use your talents"

## PRIORITERINGAR

### 1. NMS vil vere ein misjonerande og diakonal kyrkjebygger i ei verdsvid kyrkje

NMS vil:

- a. saman med etablerte kyrkjer og organisasjonar bidra til å nå nye folk og grupper med evangeliet
- b. gjennom samarbeid med kyrkjer og organisasjonar aktivt delta i å støtte og utvikle internasjonale nettverk med kyrkjebyggande fokus
- c. bidra til å etablere og utvikle kristne fellesskap
- d. styrke våre partnarar som aktørar i det sivile samfunnet
- e. ivareta dei mest sårbare og underpriviligerte
- f. verne om skaparverket

## 2. NMS vil satse på utsending og utveksling

NMS vil:

- a. sende korttids- og langtidsmisjonærer med ulike funksjoner på kryss og tvers i den globale kyrkja
- b. etablere og utvikle internasjonale fagteam
- c. legge til rette for relasjonsbygging globalt, mellom anna gjennom studentutveksling, utvekslingsprogram for unge, inspirasjonsreiser og bruk av volontørar

## 3. NMS vil frigjere talent og forløyse ressursar

NMS vil:

- a. formidle kallet til teneste
- b. satse på utdanning og utrusting
- c. bidra til innovasjon og sosialt entreprenørskap på ulike nivå i kyrkje og samfunn
- d. samarbeide om kompetanseutvikling med utdanningsinstitusjonar
- e. bidra til at erfaringar frå internasjonalt arbeid nyttiggjerast i norsk kontekst

## 4. NMS vil utløyse og følge opp lokalt og globalt engasjement for misjon:

- hos enkeltmenneske, foreiningar og småfellesskap
- saman med Den norske kyrkje sine kyrkjelydar
- ved å tilrettelegge for og følge opp kyrkjelydar og organisasjonar i og utanfor Den norske kyrkje som ønskjer å bruke NMS for å realisere misjonsengasjementet sitt

NMS vil:

- a. skaffe inntekter til misjon gjennom givarengasjement, eigedomsforvaltning og nye inntektsbringande aktivitetar
- b. bidra til berekraft, identitetsbygging og eigarskap, inntekt, engasjement og fellesskap gjennom NMS Gjenbruk
- c. skape arenaar for unge vaksne
- d. samarbeide med og støtte NMSU
- e. utvikle og bruke leirstadane strategisk og aktivt
- f. ha eit aktivt eigarskap til skulane sine; VID, NLA, Hald, KG, KVT og KVN<sup>1</sup>

## 5. NMS vil betre samhandlinga og effektiviseringa i eigen organisasjon

NMS vil:

- a. legge til rette for dei frivillige sitt engasjement
- b. ha ein open og konstruktiv samhandlingskultur i organisasjonen
- c. jobbe for eit stort mangfald blant frivillige, tilsette og leiarar
- d. ha fokus på berekraft, reiseverksemd og digital samhandling

---

<sup>1</sup>VID: VID vitenskapelige høgskole, NLA: NLA Høgskolen, Hald: Hald internasjonale skole, KG: Kristelig Gymnasium, KVT: Kristen videregående skole Trøndelag, KVN: Kristen videregående skole Nordland